



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 22.03.2017
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 16:15 - 18:30

Administrasjonsutvalet starta kl 15:00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. Rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel	
019/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 02
020/2017	Godkjenning av møtebok	s. 03
021/2017	Revisjon av vedtekter SFO	S. 04
022/2017	Kompetanseutviklingsplan 2017-18	s. 06
023/2017	Endring i vedtektene for stiftinga Bjørn West-museet	S. 08
024/2017	Høyring - Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune	s. 10
025/2017	Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2017 – 2024	s. 14
026/2017	Fråsegn til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029 – ref. 2015/10633	s. 16
027/2017	Investering knytt til fiberinstallering i kommunale bustader	s. 21
028/2017	Etablering av øvingsfelt for GMBR	s. 23
029/2017	Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr i Masfjorden kommune	s. 25
030/2017	Nordbygda sentralbaneanlegg - fornya driftsavtale 2017 – 2019	s. 29

031/2017 Referatsak

032/2017 Høyringsuttalelse til forslag om oppheving av vannscooterforskrifta

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/356

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Formannskapet - 019/2017

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/356

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Formannskapet - 020/2017

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Møtebok frå formannskapet den 09.02.17 vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - A22, TI - &00	17/287

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017
012/2017	Kommunestyret	PS	04.05.2017

Revisjon av vedtekter SFO

Vedlegg:

Journalposttittel
Vedtekter for SFO

Dato
08.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner dei nye vedtektene for SFO slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Gjeldande vedtekter for SFO vart vedtekne av kommunestyret i møte desember 2011, sak 139/11. Etter den tid er det gjort eit vedtak som burde vore ført inn som ei endring i vedtektene. Det gjeld saka om samordning av syskenmoderasjon mellom barnehage og SFO. Kommunestyret handsama den saka to gonger: Fyrst vart det gjort vedtak 11.12.2014, sak 79/2014:

«Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 3,5% til kr 2 325 pr. måned med verknad frå 1. april 2015. Dersom ein har born både i barnehage og SFO skal syskenmoderasjonen gjelde for alle, 30% for barn nr. 2 og 50% for 3. barn.»

Saka kom opp att på nytt i kommunestyret som gjorde følgjande vedtak i sak 37/2015:

«Yngste barn betalar fullt, neste barn i barnehage/SFO får 30 % moderasjon, 3 barn i barnehage/SFO får 50 % moderasjon. Neste barn i barnehage/SFO får 50 % moderasjon.»

Vedtaket er gjeldande frå 01.04.2015.

Høyring

Framlegget har ikkje vore på høyring no. Vedtektene burde vore endra straks dette vedtaket vart gjort. Rådmannen ser dette som ein innarbeidd praksis som kan føyast til i vedtektene.

Vurdering

Vedtaket om samordna syskenmoderasjon må få sin plass i vedtektene. §7 handlar om

foreldrebetaling. Rådmannen vil komma med følgjande framlegg til endring:

Ny § 7a: Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Det er samordna syskenmoderasjon mellom barnehage og SFO. Yngste barn betalar fullt,, neste barn i barnehage/SFO får 30 % moderasjon, 3. barn i barnehage/SFO får 50 % moderasjon. Neste barn i barnehage/SFO får 50 % moderasjon.

Det vert ikkje gjort andre endringar i vedtektene.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner framlegget til endring i vedtektene for SFO.

Formannskapet - 021/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner dei nye vedtektene for SFO slik dei ligg føre.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 430	17/228

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017
003/2017	Administrasjonsutvalet	PS	22.03.2017

Kompetanseutviklingsplan 2017-18

Vedlegg:

Journalposttittel

Kompetanseutviklingsplan 2017-18

Dato

09.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane 2017-18 slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok ein fireårsplan for kompetanseutvikling i skulane i møte 28.04.2016, sak 24/2016. Planen skal rullerast årleg i samband med søknadsfristen på statlege midlar til vidareutdanning. Med bakgrunn i det har rådmannen laga framlegg til plan for skuleåret 2017-18.

Høyring

Planen er utarbeidd av rådmannen etter innspel frå rektorane og Utdanningsforbundet.

Fakta

Dei siste åra har Masfjorden årleg hatt 1-2 lærarar på vidareutdanning i prioriterte fag. Kommunar av vår storleik vil i utgangspunktet få midlar til å vidareutdanna ein lærar årleg, men fordi ikkje allekommunar nyttar kvoten sin fullt ut, har det vore mogeleg for oss å få utdanna fleire. I budsjettetvårtfor 2017 er det sett av kr 230000, det rekk til å gje vidareutdanning til to lærarar.

Vurdering

Masfjorden har vore fullt med på og hatt stor nytte av fireårsplanane «Strategi for etter- og vidareutdanning» som vår satsing på etter- og vidareutdanning har bygd på. § 10-8 i Opplæringslova slær fast at: «Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med

særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling”...

Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet.

Kommunestyret sa i sak 6/2010 at ”for å betra resultata i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen.”

Kva fag våre lærarar har fått vidareutdanning i sidan ordninga kom i gang og kva fag skuleeigar vil prioritera komande skuleår, går fram av sjølve planen.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2017-18 slik han ligg føre.

Administrasjonsutvalet - 003/2017

AU - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane 2017-18 slik det ligg føre.

Formannskapet - 022/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane 2017-18 slik det ligg føre.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - C56, TI - &00	17/275

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Endring i vedtektene for stiftinga Bjørn West-museet

Vedlegg:

Journalposttittel

Vedtekter nye for Bjørn West Museet
Høyringsbrev BW
Grunngjeving

Dato

08.03.2017
08.03.2017
08.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknader til dei framlagde endringane i vedtektene for Stiftinga Bjørn West-museet

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Styret for Stiftinga Bjørn West-museet godkjende i møte 12.05.16 samrøystes framlegg til endra vedtekter for stiftinga Bjørn West museet. Dagleg leiar for Bjørn West-museet har sendt framlegget til nye vedtekter ut på høyring. Høyringsinstansar er Museum Vest og dei kommunane som er med i stiftinga. Høyringsfristen er sett til 27. mars. Det vil seia at kommunestyret ikkje rekk å handsama saka.

Bakgrunnen for endringane er i hovudsak at museet vart konsolidert og ein del av Museum Vest frå 01.01.16.

Alle eigarkommunane er representert i styret for stiftinga Bjørn West museet. Det er likevel bestemt at framlegg til endringar i vedtektene skal verta sendt til uttale til alle eigarkommunane samt andre berørte partar.

Etter høyringa vil vedtektene, med eventuelle endringar, verta endeleg vedtekne av styret i stiftinga Bjørn West-museet, før dei vert sendt til stiftelsestilsynet for godkjenning.

Tidlegare dagleg leiar har utarbeidd framlegget til nye vedtekter. Han grunngjev endringane med at dei er med på å skapa betre oversikt og struktur. Nokre av dei gamle paragrafane er tekne vekk, andre har fått eit anna innhald. I dei nye vedtektene vert det presisert at Masfjorden kommune sin representant skal vera styreleiar i stiftinga.

Vurdering

Rådmannen vurderer det slik at dei nye vedtektene er ei vidareføring av dei gamle. I all hovudsak har ein redigert dei gamle vedtektene og teke vekk ting som det ikkje er nødvendig å ha med. Vedtektene er også tilpassa det faktum at Bjørn West-museet er ein konsolidert del av Museum Vest.

Konklusjon

Masfjorden kommune har ingen merknader til dei framlagde endringane i vedtektene for Stiftinga Bjørn West-museet.

Formannskapet - 023/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknader til dei framlagde endringane i vedtektene for Stiftinga Bjørn West-museet

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - H01, TI - &00	17/318

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017
003/2017	Eldrerådet	PS	28.03.2017

Høyring - Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Lokal forskrift for langtidsopphald på sjukeheim for Masfjorden kommune	13.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune blir lagt ut på høyring i 6 veker jf. forvaltningslova § 37.

Høyringsfrist 24.03.17 – 05.05.17

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Den 13. juni 2016 vedtok Stortinget lovendring i pasient- og brukarrettigheitslova og helse- og omsorgstenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad som er spesielt tilrettelagt for heildøgntenester, kriterier og ventelister. Pasient eller brukar som oppfyller kriterier for tildeling av langtidsopphald eller opphald i tilsvarende bustad spesielt tilrettelagt for heildøgns tenester etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2a andre ledd, har rett til vedtak om dette, jf. pasient – og brukarrettigheitslova §2-1 e, fyrste ledd. Retten er knytt til helse- og omsorgsfagleg vurdering av kva tilbod som kan sikre pasient eller brukar naudsynt og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Endring i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a andre ledd, betyr at kommunen har ei plikt til å utarbeida ei forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad som er spesielt tilrettelagt for heildøgntenester. Kommunen skal treffe vedtak på om kriterier er følgt opp, og føre ventelister over pasientar og brukarar som venter på langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad. Forskrifta skal og omfatte pasientar og brukarar som vil vere best tent med eit slikt opphald, der det er forsvarleg at vedkomande bur heime i påvente av eit opphald, og korleis kommunen skal følgje opp i ventetida (jfr. lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2 a.)

Målet med forskrifta er at den skal bidra til at tenestene skal vere meir føreseieleg, og at det skal vere meir openheit rundt tildelingsprosessen av langtidsplass på sjukeheim.

Høyring

Masfjorden kommune skal sjå til at lokal forskrifta er så godt opplyst som mogleg før vedtak skal treffast, jf. forvaltningslova § 37. For å sikre dette skal forslag til forskrifta ligge ute på høyring i minimum 6 veker.

Høringspartar:

Dette skal vere ei open høyring som alle kan svare på, både organisasjonar og privatpersonar. Høyringa vil bli kunngjort på Masfjorden kommune si heimeside. I tillegg vil høyringa bli sendt ut til:

Eldrerådet
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Indre Masfjorden pensjonistlag
Nordbygda pensjonistlag
Sørsida pensjonistlag
Helselag i Indrefjorden
Helselag i Nordbygda
Helselag på Sørsida
NSF
Fagforbundet
Helseavdelinga
Heimetenestene Sørsida
Heimetenestene Indrefjorden
Heimetenestene Nordbygda
Masfjorden sjukeheim
Fylkesmannen i Hordaland

Vurdering

I forskrift om utredningsinstruksen § 3-3 står det; «*offentlige utredninger, forslag til lov og forskrift og forslag til tiltak med vesentlige virkninger skal normalt legges ut på høring. Høringene skal være åpne for innspill fra alle. Høringsfristen skal tilpasses omfanget av tiltaket og hvor viktig det er. Høringsfristen skal normalt være tre måneder, og ikke mindre enn seks uker.*»

Masfjorden kommune er ein forholdsvis oversiktleg kommune, og omfanget av forskrifta vil vere avgrensa, og av ein slik art at rådmann tilrår høyringsfrist på 6 veker, som er minimumskravet til ei høyring.

Grunnlag for utarbeiding av lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune:

Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim er utarbeida etter gjeldande lover og forskrifter for helse og omsorg. Grunnlaget for utarbeiding av lokal forskrift er Masfjorden kommune si omsorgstrapp. Denne seier noko om kva tenester, og korleis brukar eller pasient til ei kvar tid kan få dekkja sine behov på ein forsvarleg og best effektiv måte.

OMSORGSTRAPPA I MASFJORDEN KOMMUNE

Omsorgstrappa i kommunen byggjer på BEON- prinsippet. BEON betyr Beste Effektive Omsorgs Nivå. Ved å ha ulike nivå av tenestetilbod, vil tenester bli tildelt utifrå det hjelpebehov den einskilde brukar har til ei kvar tid. Tenestetilbodet vert differensiert ved at tilbod strekkjer seg frå lite hjelpebehov (lavterskeltilbud) til stort hjelpebehov (høg terskel). BEON-prinsippet går ut på at tenestetilbodet vert gitt på eit lågast mogeleg omsorgsnivå med fokus på brukar sine egne ressursar, og at hjelpa skal medverke til eigenmeistring. Denne førebyggjande tankegangen er økonomisk god for kommunen, og i tråd med nasjonale føringar. Målet er at personer i størst mogeleg grad skal vera sjølvhjelpen, ha god livskvalitet, og at reduksjon i funksjonsnivå skal kunne betrast ved at dei rette hjelpetiltak vert sett inn. Intensjonane i samhandlingsreforma er at spesialisthelsetenesta skal brukast når det ikkje er andre alternativ. Målet er at kommunane skal ivareta meir av førebyggjande arbeid og etterbehandling av pasientane. Skal Masfjorden kommune lukkast i å nå denne målsetjinga må dei einskilde tilbod og tenester i dei ulike nivå i omsorgstrappa vera tilstade og hjelpeapparatet tilpasse tenester etter den einskilde sitt behov.

STATUS I DAG: Tenester etter BEON-prinsippet:

Trinn 1: Her finn ein tenester som i hovudsak ikkje handlar om direkte eller jamleg tenesteyting frå helsepersonell til brukarar. Dette er tilbod som har eit førebyggjande preg og som gjerne handlar om å legge til rette for og medverke til eigenmeistring og medverkar til at personar kan bu lengst mogeleg heime.

Dette gjeld : Førebyggjande heimebesøk, tryggleiksalarm, velferdsteknologi og hjelpemidlar, tilrettelegging av bustad, seniortreff/møteplass for seniorar, lærings- og meistringstilbod, transportordning for funksjonshemma (TT-kort) med meir.

Trinn 2: På dette trinnet får ein tenester eller tilrettelegging som støttar opp under tenestemottakarane sin eigenomsorg og privat omsorg frå familie eller andre. I tillegg går ein over til meir personleg tenesteyting knytta til praktiske tilhøve i heimen. I første omgang kan det gjelde praktisk bistand opplæring, der ein rettleiar og legg til rette for at brukarar kan utføra daglege gjeremål på eigahand. Der det ikkje er mogeleg av helsemessige årsaker yter ein hjelp til praktiske oppgåver (heimehjelp). Dette gjeld dei gjeremål som brukarane ikkje klarar å ivareta sjølv heime som til dømes reingjering, handling, klesvask, matlaging og anna. gjennomføring. Omfang vil variere utifrå individuelle behov. I tillegg har ein ulike dagtilbod , støttekontaktordning og omsorgsløn. Desse tiltaka medverkar til at brukarane kan bu lengst mogeleg heime.

Trinn 3: På dette nivået er hjelpebehovet aukande og det blir gitt helsetenester i heimen i form av heimesjukepleie. Her får ein hjelp til å ivareta medisinske behov og hjelp til personleg stell, medisinhandtering, og får utført ulike medisinske prosedyrar i samband med funksjonstap og sjukdom. På dette trinnet finn ein brukarar som kan bu heime eller i ein tilrettelagt omsorgsbustad og fungere godt i sin eigen bustad med individuelt tilpassa tenester. Det er tilbod om omsorgsbustader i alle delar av kommunen.

Trinn 4: På dette trinnet vert det gitt korttidsopphald og avlastningsopphald ved sjukeheimen.. På Hosteland vil omsorgsbustadane som ligg nært sjukeheimen bli prioritert til personar som treng tett oppfølging av helsepersonell med muligheit for natt tilsyn. På den måten kan ein gje eit forsterka tilbod ved desse omsorgsbustadane. For barn og unge vert det gitt bu- og avlastningsopphald ved Svingen på Hosteland.

Trinn 5: Langtidsplass i institusjon vert gitt ved Masfjorden sjukeheim for pasient eller brukarar som fyller kriterier og har innvilga langtidsoffald i Masfjorden kommune.

- Det vil være glidande overgangar mellom dei ulike trinna i omsorgstrappa, der enkelte tenester i dei første trinna gjerne vil være med vidare i dei andre trinna.
- I heile forløpet vil det være andre helsetenester i tillegg. Dette gjeld blant anna psykisk helseteneste, fastlege, rehabiliteringstenesta og NAV

Konklusjon

Lokal forskrift for tildeling av langtids plass på Masfjorden sjukeheim blir lagt ut på høyring i 6 veker jf. forvaltningslova § 37

Høyringsfrist 24.03.17 – 05.05.17

Formannskapet - 024/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Lokal forskrift for tildeling av langtids plass på sjukeheim i Masfjorden kommune blir lagt ut på høyring i 6 veker jf. forvaltningslova § 37.

Høyringsfrist 24.03.17 – 05.05.17

Eldrerådet - 003/2017

ER - behandling:

Helse og omsorgsleiar Helga Ellingsen oreinterte om bakgrunn for at kommunen har utarbeida ei lokal forskrift.

Saka vart drøfta og eldrerådet vil ha eit nytt møte før høyringsfristen er ute, slik at dei evt. kan komme med høyringsuttale.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

ER - vedtak:

Lokal forskrift for tildeling av langtids plass på sjukeheim i Masfjorden kommune blir lagt ut på høyring i 6 veker jf. forvaltningslova § 37.

Høyringsfrist 24.03.17 – 05.05.17

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 144, FA - G00	16/143

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017
004/2017	Eldrerådet	PS	28.03.2017
004/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	22.05.2017

Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2017 - 2024

Vedlegg:

Journalposttittel

Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2017 - 2024

Dato

13.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Teamdelplan for rehabilitering og habilitering 2017 – 2024 med handlingsplan blir tatt til vitring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Temadelplan for rehabilitering og habilitering er forankra i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial, som vart godkjent i kommunestyret i 2014.

Vurdering

Temadelplan for rehabilitering og habilitering er ein fagplan som er underordna kommunedelplan for helse, omsorg og sosial. Dette er ein fagplan som ikkje skal ut på høyring, men vere eit styringsdokument for leiing og tilsette i samband med utvikling av tenestene. Temadelplanen skal sikre at kommunen arbeidar langsiktig, strategisk og målretta med rehabilitering og habilitering. Målet er at kommunen gjennom planarbeidet skal kartlegge, og sikre at kommunen sine tenester er i trå med lov og forskrift.

I utarbeiding av temadelplanen har det vore gjennomført eit møte med ressursgruppa, der brukarrepresentantar frå eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne var invitert. I tillegg har det vore gjennomført ei brukarundersøking, for å sikre brukarperspektivet i planarbeidet.

Handlingsplan for rehabilitering og habilitering 2017 - 2024 skal årleg evaluerast og rullerast.

Konklusjon

Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2017 – 2024 med handlingsplan blir tatt til vitring.

Formannskapet - 025/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Teamdelplan for rehabilitering og habilitering 2017 – 2024 med handlingsplan blir tatt til vitring.

Eldrerådet - 004/2017

ER - behandling:

Helse og omsorgsleiar Helga Ellingsen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

ER - vedtak:

Teamdelplan for rehabilitering og habilitering 2017 – 2024 med handlingsplan blir tatt til vitring.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 121	15/705

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Fråsegn til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018 - 2029 - referanse 2015/10633

Vedlegg:

Journalposttittel

rtp-2018-2029_planforslag

Dato

13.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet meiner at dei fastsette måla, strategiane, dei overordna prioriteringar og framlegg til tiltak i framlegg til Regional transportplan Hordaland, ikkje fangar opp den overordna målsettinga Masfjorden kommune har med tanke på å realisere Masfjordbrua. RTP-dokumentet må difor endrast slik at målet med å realisera Masfjordbrua i denne RTP perioden vert ivareteke.

Det må og koma med at dette sambandet vil vera med å styrka samferdsla og næringslivet i ytre deler av Sogn og Fjordane, og at dette samferdselstiltaket vil byggja opp under den nye regionen «Vestlandet».

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta

Planforslag til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029 er i brev dagsett 24.02.2017 sendt ut på høyring, jamfør vedtak i fylkesutvalet 23. februar 2017. Fylkeskommunen inviterer no kommunar, statlege etatar, organisasjonar og andre interesserte til å komme med innspel til utvikling av transportsektoren i Hordaland med frist 7. april for tilbakemelding.

Innhald

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er ei rullering av Regional transportplan Hordaland for 2013-2024, og er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneheld mål til alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar, overordna prioriteringar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Handlingsprogram for RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtalt om tiltak, og er vedlegg i planforslaget. I tillegg vert det utarbeida eit eige investeringsprogram for fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017. Prioritering av konkrete prosjekt, basert på føringar i RTP, vert presentert i investeringsprogram for fylkesvegnettet.

Særskilte tema og spørsmål i høyringa

Med endring i opplegg for og utforming av handlingsprogram og investeringsprogram, vert det lagt opp til eit

skilje mellom strategiske diskusjonar og prioritering av konkrete prosjekt. Planforslaget er i all hovudsak eit overordna strategisk dokument. Fylkeskommunen ønskjer i særleg grad innspel på mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak i denne høyringa.

I arbeidet med Regional transportplan Hordaland er det lagt særleg vekt på å følge opp:

- Regional planstrategi 2016-2020
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030 - regional klima- og energiplan
- Regional plan for folkehelse – fleire gode leveår for alle
- Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel

Vidare er det lagt særleg vekt på å følge opp nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging, som vedtatt ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Dei nasjonale forventningane er delt i tre hovudpunkt:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Investeringsprogrammet skal primært vise prioritering av investeringstiltak på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021. For å sikre god styring med kva planar som vert starta opp, er det i tillegg behov for føringar på kva prosjekt som skal planleggast med tanke på realisering etter første fireårsperiode. Investeringsprogrammet skal ha tett kopling med årlege budsjett og fireårig økonomiplan. Investeringsprogrammet skal inkludere og erstatte dei årlege plan- og byggeprogramma og handlingsplan for trafikkisikring. Programmet skal rullerast kvart år, slik at ein ikkje mister fleksibiliteten i forhold til endringar ved budsjett og vedtak. Investeringsprogrammet skal på høyring hausten 2017, med sikte på endeleg vedtak i fylkestinget i desember 2017.

Det overordna målet som er føreslått for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er:

«Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretek mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet.»

Strategiane er utforma for å bidra til å nå mål i planen og legg føringar for fordeling av dei økonomiske rammene på samferdselsområdet. Strategiane skal ligge til grunn for prioritering av prosjekt i Investeringsprogram for Fylkesvegnettet og Handlingsprogram for Kollektivstrategien. Strategiane er presentert og nærare gjort greie for under det einskilde plantema.

I Investeringsprogram for fylkesvegnettet så blir prinsippa for porteføljestyling lagt til grunn. Porteføljestyling skal bidra til at samla ressursinnsats og prioritering av tiltak er mest mogleg i samsvar med mål og strategiar i RTP. Prinsippa for porteføljestyling er:

- Bidra til måloppnåing i Regional transportplan Hordaland 2018-2029
- Finansiering og disponible midlar
- Samfunnsøkonomisk lønnsemd
- Planstatus
- Kapasitet på planlegging og gjennomføring

I kap 4. vert økonomiske rammer og overordna prioriteringar i perioden 2018 – 2021 drøfta. Vidare gjev kapittelet ein omtale av eksisterande og andre aktuelle finansieringskjelder for tiltak på samferdselsområdet.

I plandokumentet sitt kap 4.2.2 står det følgjande om ferjeavløysingsmidlar:

« Regjeringa har i samband med framlegging av kommuneøkonomiproposisjonen for 2017 fastsett retningslinjer for alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegar. Samferdselsdepartementet avgjer kva prosjekt som skal omfattast av ordninga, på bakgrunn av tilråding frå Statens vegvesen.

Ferjeavløysingsmidlane blir berekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst av ei bru eller ein tunnel. I dag er det lagt inn årleg ca. 19 mill. kr per ferjesamband i inntektssystemet til fylkeskommunane. Det berekna beløpet blir justert for årleg auke i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i

inntektssystemet, ved å bygge ei ny bru eller tunnel. Det berekna beløpet ligg fast i inntil 40 år, men fylkeskommunen skal i sum ikkje få meir i kompensasjon enn kostnaden ved prosjektet som erstattar det nedlagde ferjesambandet. I ferjesamband der fylkeskommunen har mindre årlege ferjekostnader enn 19 mill. kr, vil dei faktiske ferjekostnadene bli lagt til grunn for å berekne finansiering som ferjeavløysingsprosjekt. Slik differanse mellom dei faktiske kostnadene og det som fylkeskommunen får tilført gjennom inntektssystemet, vert nytta til finansiering av anna fylkeskommunal verksemd, og vil derfor ikkje utgjere innsparte midlar gjennom eit ferjeavløysingsprosjekt. Dersom dei reelt innsparte ferjekostnadene ikkje er tilstrekkeleg til å finansiere aktuelle ferjeavløysingsprosjekt, vil det vere nødvendig å vurdere lokal delfinansiering gjennom kommunale tilskot og bompengefinansiering, samt fylkeskommunale investeringsmidlar for å få fullfinansiert prosjekta. Fylkestinget har tidlegare vedteke å vurdere realisering av Masfjordsambandet som eit ferjeavløysingsprosjekt i ei eiga politisk sak.»

I kap 4.2.7 vert framtidige bompengeprojekt/-pakker drøfta, her vert ikkje Masfjordsambandet nemnt.

I kapittel 5 vert fylkesvegnettet drøfta.

Som hovudmål for fylkesvegnettet vert følgjande formulering føreslått:

«Hordaland skal ha eit trafikkikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet.»

Delmål

Drifts- og vedlikehaldsarbeidet skal organiserast og utførast på ein måte som gjev liten økonomisk risiko og har god kvalitet.

Det overordna fylkesvegnett skal ha samanhengande god standard, minst tilsvarande utbetningsstandard.

Det øvrige fylkesvegnett skal utbetrast ved å sikre særleg utsette punkt.

Nullvisjon – eit transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skadde.

Redusere klimagassutslepp frå bygging, drift og vedlikehald.

Strategiar for utvikling av fylkesvegnettet som er føreslått i dette kapittelet er:

- Vere tydeleg på standardval i tidleg fase av nye vegprosjekt.
- Legge nøktern standard til grunn ved utbetring av eksisterande vegar og punkttiltak.
- Prioritere vedlikehald og utbetring på fylkesvegnettet, framfor nye større vegprosjekt.
- Auke innsatsen på vedlikehaldssida gjennom å auke rammene til standardhevingsmidlane.
- Utføre gjennomgåande strekningsvise standardhevingstiltak med vedlikehaldskaraktar, kombinert med nye investeringstiltak på det overordna fylkesvegnettet.
- Utføre punktutbetring og mindre strekningsutbetring på det øvrige fylkesvegnettet.
- For å møte noverande og kommande klima- og miljøutfordringar, og for å gjere vegen trygg å ferdast på, må det løyvas midlar til å utbetra og sikre vegkroppen. Dette inneber ei prioritering av tiltak på drenering, reinsk og grøfter.
- Prioritere trygge skulevegar, og særlege trafikkisikringstiltak, slik som «Hjertesone» rundt skulane. Legge til rette for auka gange og sykling.

For det overordna vegnettet er det gjennomført strekningsvise utgreiingar med vegfaglege tilrådingar for aktuell utbetningsstandard og prioritering av prosjekt. Utgreiingane er detaljerte, og viser tydeleg kva utfordringar som er på strekninga. Det er ein fellesnemnar at tilstanden på vegstrekningane er varierende, og utfordringane langs strekningane er ulike. Dei strekningsvise utgreiingane gjev eit grunnlag for å vurdere standard og aktuelle tiltak ved vedlikehald eller investering.

Dei strekningsvise utgreiingane skal liggje til grunn for prioritering av planlegging, investeringstiltak, standardheving og vedlikehald på det overordna fylkesvegnettet. Målet er å auke standarden på det overordna fylkesvegnettet. Dette vil bli konkretisert i Investeringsprogram for fylkesvegnettet.

Dei strekningsvise utgreiingane på det overordna fylkesvegnettet er:

1. Ulvik – Trengereid
2. Odda – Tysse, med arm til Norheimsund og Osøyro
3. Odda – Svortland (Rubbestadneset)
4. Sveio – Bergen (Rådal)
5. Bergensområdet (utanom Bergen kommune)
6. Nordhordland

I vedlegg til den regionale transportplanen er det lagt ved eit handlingsprogram for perioden 2018 – 2021. Strukturen her er samanfallande med hovudkapittelinnendinga, ved at fylkesvegnettet er omhandla først. For dette området er der definert fem ulike tiltak. Desse er:

- 5.1 Gjennomgang av behovslistar for rassikring.
- 5.2 Etablere eit program for trygg skuleveg.
- 5.3 Klima- og miljøbudsjett for alle store utbyggingsprosjekt i vegsektoren
- 5.4 Gjennomgang av standard i forkant av nye driftskontraktar
- 5.6 Reiseliv og tiltak på fylkesvegnettet.

Vurdering

Rådmannen har vurdert framlegget til Regional transportplan for Hordaland 2018 - 2029, og meiner at plandokumentet i stor grad fangar opp hovudutfordringane som gjeld for store delar av Hordaland innanfor transportsektoren, samt dei nasjonale og internasjonale utfordringane som gjeld i høve til klima- og behovet for meir miljøvenleg transport i framtida.

Plandokumentet har etter rådmannen si vurdering i liten grad fanga opp målsettingar og strategiar som bør vera på plass, om ein ønskjer at RTP for Hordaland skal byggje opp under Masfjorden kommune sitt mål om å forbetre framkomsten og kommunikasjonen med bru over Masfjorden. Etter rådmannen si vurdering er det planlagde Masfjordsambandet med bru svært viktig for å styrke busettinga og attraktiviteten til Masfjorden kommune, og for å kunna effektivisera og styrka tenestetilbodet for innbyggjarane våre. Ei framtidig Masfjordbru vil og kunna medverka til å styrka samarbeidet mellom ytre delar av Sogn og Fjordane og Nordhordland.

Slik ein ser det har difor ikkje planframlegget fanga opp dei samferdselsutfordringane som handlar om å byggja den nye regionen «Vestlandet» Ein vil her vise til den inngåtte samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Sogn- og Fjordane fylkeskommune, samt regjeringa sitt vedtak om at det skal vera ein fylkesmann for desse to fylka frå og med 01.01.2019.

Konklusjon

Rådmannen meiner at dei fastsette måla, strategiane, dei overordna prioriteringar og framlegg til tiltak ikkje fangar opp den overordna målsettinga Masfjorden kommune har med tanke på å realisere Masfjordbrua, og at RTP-dokumentet bør endrast slik at dette kjem inn.

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordfører la fram følgjande framlegg til vedtak:

- Masfjorden kommune meiner at dei fastsette måla, strategiane, dei overordna prioriteringar og framlegg til tiltak i framlegg til Regional transportplan Hordaland, ikkje fangar opp den overordna målsettinga Masfjorden kommune har med tanke på å realisere Masfjordbrua. RTP-dokumentet må difor endrast slik at målet med å realisera Masfjordbrua i denne RTP perioden vert ivareteke.

Vidare vil kommunen peike på det er 3 ferjeavløysingsprosjekt i Hordaland som peiker seg ut som realistiske og gjennomførbare i planperioden, og at ein difor ønskjer at følgjande prosjekt blir omtalt i RTP i denne prioriterte rekkefølge:

1. Masfjordsambandet – Erstatta kabelferja i Masfjorden med bru.
2. Bru til Huglo -Bru mellom Skorpo i Tysnes kommune og Huglo i Stord kommune.
3. Fjellbergsambandet i Kvinnherad kommune.

Det er svært viktig at ferjeavløysingsprosjekt kjem inn i handlingsprogrammet til RTP, for å sikra at desse prosjekta vert følgt opp i planperioden.

Det må og koma med i RTP at sambandet i Masfjorden vil vera med å styrka samferdsla og næringslivet i ytre deler av Sogn og Fjordane, og at dette samferdselstiltaket vil byggja opp under den nye regionen «Vestlandet».

Framlegg til vedtak frå ordfører vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune meiner at dei fastsette måla, strategiane, dei overordna prioriteringar og framlegg til tiltak i framlegg til Regional transportplan Hordaland, ikkje fangar opp den overordna målsettinga Masfjorden kommune har med tanke på å realisere Masfjordbrua. RTP-dokumentet må difor endrast slik at målet med å realisera Masfjordbrua i denne RTP perioden vert ivareteke.

Vidare vil kommunen peike på det er 3 ferjeavløysingsprosjekt i Hordaland som peiker seg ut som realistiske og gjennomførbare i planperioden, og at ein difor ønskjer at følgjande prosjekt blir omtalt i RTP i denne prioriterte rekkefølge:

1. Masfjordsambandet – Erstatta kabelferja i Masfjorden med bru.
2. Bru til Huglo -Bru mellom Skorpo i Tysnes kommune og Huglo i Stord kommune.
3. Fjellbergsambandet i Kvinnherad kommune.

Det er svært viktig at ferjeavløysingsprosjekt kjem inn i handlingsprogrammet til RTP, for å sikra at desse prosjekta vert følgt opp i planperioden.

Det må og koma med i RTP at sambandet i Masfjorden vil vera med å styrka samferdsla og næringslivet i ytre deler av Sogn og Fjordane, og at dette samferdselstiltaket vil byggja opp under den nye regionen «Vestlandet».

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - N64	14/565

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Investering knytt til fiberinstallering i kommunale bustader

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 100.000,- til installering av fiber i kommunale bustader og omsorgsbustader på Matre og Haugsvær.

Midlane vert å ta over disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

I samband med utbygging av fiber til bustader og bedrifter i utvalde prosjektområde i Masfjorden, har det vore drøftingar med Telenor om å leggja inn fiber i kommunale bustader. Tilbodet frå Telenor gjeld innanfor dei utvalde prosjektområda som det ligg føre avtale med Masfjorden om utbygging av fiber i.

Telenor tilbyr same etableringskostnad/ installasjon av fiberboks per bueining i kommunale bustader som prisen er for private bustader. Kva produkt og innvendig utstyr den einkilde leigetakar ønskjer å kjøpe/ abonnere på vil verta ei sak mellom Telenor og dne einkilde leigetakar. Det vil vere ei bindingstid på 12mnd på lik linje med private bustader elles i Masfjorden.

I tillegg tek Telenor atterhald om uforutsette ekstrakostnader ved installasjon.

Det er om lag 30 kommunale utleigebustader som er aktuelle å installera fiber i, samt ni omsorgsbustader som ikkje kan knyttast opp mot den kommunale fiberen, som er på plass i bustadane på Sandnes og Hosteland.

Kostnaden med å få installert fiber til vegggliv vil difor kunna koma på rundt krone 100.000,- eks. mva når ein reknar inn uforutsette kostnader i prosjektet.

Vurdering

Rådmannen meiner at det både er føremålsteneleg og framtidsretta å tinga fiberinstallering fram til kommunale bustader og omsorgsbustadane på Matre og Haugsvær, og at det er ein god modell at kommunen som huseigar tingar fiber fram til vegggliv, og at den einkilde leigebuar sjølv inngår

avtale om aktuelt bredbandsprodukt med 12 måneder i bindingstid. For dei kommunale omsorgsbustadane vil kommunen sin administrasjon vera bindeledd mellom bebuar og Telenor sitt seljarkorps. Om ein leigetakar ikkje ønskjer å kjøpa bredbandtenester no, så vil i alle fall fiberen vera på plass i vegglivet utanfor, og vedkomande eller nye leigetakarar i framtida kan då tinga bredbandstenester når det vert aktuelt seinare.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert løyvd inntil krone 100.000,- til installering av fiber i kommunale bustader og i omsorgsbustader på Matre og Haugsvær.

Formannskapet - 027/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 100.000,- til installering av fiber i kommunale bustader og omsorgsbustader på Matre og Haugsvær.

Midlane vert å ta over disposisjonsfondet.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sigvald Kvinge	FA - M73	17/316

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Etablering av øvingsfelt for GMBR

Vedlegg:

Journalposttittel

Prosjektutredning - Øvingsfelt GMBR 2017

Dato

10.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert gjeve løyve til å etablera øvingsfelt for GMBR i samsvar med prosjektutgreiinga som ligg vedlagt.
2. Kostnadsramma vert på kr 200 000,- eks. mva.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gulen og Masfjorden kommunar har eit avvik på brannmannskapa i forhold til kompetanse. Det har tidlegare vore gjeve dispensasjon frå kompetansekrava, men frå 1. januar 2017 vart dispensasjonen teken bort og no står manglande kompetanse som eit avvik hjå kommunane.

I 2011 beslutta kommunane å samarbeida om brann og redningstenesta og GMBR vart ein realitet.

Eit av måla med satsinga på beredskap då var at ein skulle få på plass den kompetansen som var naudsynt og ein starta arbeidet med dette.

Det fyrste steget i rett retning var då ein våren 2013 hadde dei fyrste 20 av mannskapa ferdig utdanna. Desse vart utdanna lokalt gjennom helgesamlingar. Dette viste seg å vera ein krevjande prosess både økonomisk og praktisk. Ikkje minst fordi mannskapa måtte reise til Florø for å få gjennomført den praktiske delen av utdanninga. Det er ikkje heilt uproblematisk for mannskap å være borte frå hovudarbeidsgjevar og familie i fleire dagar. Dette er bakgrunnen for at ein no ynskjer å etablera eit eige øvingsfelt lokalt.

Fakta

Gulen og Masfjorden brann og redning har eit behov for å ynskje om å etablere eit lokalt øvingsfelt for brannmannskapa. Det same har alle dei andre kommunane i regionen. Konkret kan nemnast Lindås, Meland, Radøy, Modalen, Solund, Fedje og Austrheim. Det er ingen godkjende slike øvingsfelt mellom osterfjorden og sognefjorden i dag.

Vurdering

Om ein etablerar eit lokalt øvingsfelt får ein dekka behovet for opplæring og øving av lokalt brann og redningspersonell i nærområdet. Dette vil gje eit rimeleg og brukartilpassa tilbod. Det er også stor pågang frå nabokommunane for å få eit slikt tilbod i nærområdet.

Konklusjon

1. Det vert gjeve løyve til å etablere øvingsfelt for GMBR i samsvar med prosjektutredninga som ligg vedlagt.
2. Kostnadsramma vert på kr 200 000,- eks. mva.

Formannskapet - 028/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden formannskap gjev rådmannen mandat til å utgreie øvingsfelt for GMBR vidare og legg til grunn at dette vert organisert som eige selskap.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden formannskap gjev rådmannen mandat til å utgreie øvingsfelt for GMBR vidare og legg til grunn at dette vert organisert som eige selskap.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sigvald Kvinge	FA - M88	16/86

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr i Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel

Vedlegg - Lokal forskrift om feiing og tilsyn i Masfjorden kommune

Dato

13.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune, vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Forskrift om brannførebygging er revidert. Denne set krav til at også fritidsbustader skal ha feiing og tilsyn, noko som fram til 1. januar 2016 berre var krav til bustader. Det er no laga eit framlegg til lokal forskrift for lettare å kunne forvalte dette kravet, men også tenesta som heilheit.

Fakta

Feiing og tilsyn vert i dag ivareteke gjennom eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Solund, Modalen, Gulen og Masfjorden. Det er Masfjorden kommune som har fagansvar for tenesta og arbeidsgjevaransvaret for feiaren som utfører arbeidet.

Vurdering

Det har ikkje tidlegare vore lokal forskrift for denne tenesta. For å få på plass eit godt styringsverktøy for denne tenesta, er det no laga eit framlegg til lokal forskrift. Denne vil avklare ulike element ved tenesta, noko som kan vera nyttigt både for den utførande part og ikkje minst kva retter og plikter det inneber å ha ein bustad i kommunen.

Konklusjon

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune, vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Formannskapet - 029/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune, vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - D11, TI - &01	17/322

Saknr	Utval	Type	Dato
030/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Nordbygda sentralbaneanlegg - fornya driftsavtale 2017 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsavtalen mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2017 – 2019, og i tråd med saksutgreiinga. Kommunalt driftstilskot vert sett til kr. 155.000,- pr. år utan indeksregulering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har hatt driftsavtale med Masfjord fotballag for drift og vedlikehald av Nordbygda sentralidrettsanlegg. Noverande avtale gjekk ut ved årskifte, heimla i KS sak 32/14 og var ein 3-årig avtale for 2014 til og med 2016. Forlenging av avtalen for åra 2017-19 vert fremja.

Fakta

Avtaleutkast for åra 2017-19;

**DRIFTSAVTALE
MELLOM
MASFJORD FOTBALLAG OG MASFJORDEN KOMMUNE
FOR
NORDBYGDAS SENTRALIDRETTSANLEGG
2017-2019
(Vedteke i Masfjorden formannskap sak x/17 den 22.03.2017)**

1. Avtalepartar er Masfjord fotballag og Masfjorden kommune.
2. Masfjorden kommune står som eigar av Nordbygda Sentralidrettsanlegg medrekna grasbane, friidrettsbane, treningsfelt kunstgras, sand-vollyballbane og garderobebygg/klubbhus.

3. Avtaleperioden gjeld for perioden 01.01.2017 til og med 31.12.2019, med ei oppseiingstid for kvar av partane på 1 år. Ved misleghald kan avtalen seiast opp straks.
4. Masfjorden kommune dekker dei naudsynte forsikringar for bygg og anlegg, inklusivt skade på anlegg som skuldast ytre påverknad på anlegget.
5. Masfjord fotballag tek på seg drift og vedlikehald av heile anlegget jfr. Pkt 2, medrekna kostnader ved forbruk av straum og elektriske installasjonar.
6. Risnes I.L., Idrettsrådet i Masfjorden samt Masfjorden kommune har møterett til banenemnda for anlegget.
7. Melding om val i banenemnda vert sendt Masfjorden kommune ved rådmannen når dette er gjort. Innkalling vert sendt minst 1 veke før møtet.
8. Masfjord fotballag ved banenemnda sender driftsrekneskap, årsbudsjett og tilstandsrapport for anlegget og området rundt, til kommunen v/rådmann innan 1. mars kvart år.
9. Masfjord fotballag har i avtaleperioden rett til å selja reklametjenester på og ved anlegget, samt driva kiosksal ved arrangement på anlegget. Utleige/utlån av bygget til arrangement.
10. Kommunalt driftstilskot til Masfjorden fotballag vert årleg på kr 155.000,- utan indeksregulering.

Vurdering

Gjeldande avtale vert vidareført utan endringsframlegg.

Konklusjon

Driftsavtalen mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2017 – 2019, og kommunalt driftstilskot vert sett til kr. 155.000,- pr. år utan indeksregulering

Formannskapet - 030/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Driftsavtalen mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2017 – 2019, og i tråd med saksutgreiinga. Kommunalt driftstilskot vert sett til kr. 155.000,- pr. år utan indeksregulering.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit		16/560

Saknr	Utval	Type	Dato
032/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Høyringsuttalelse til forslag om oppheving av vannscooterforskrifta

Vedlegg:

Journalposttittel

horing-av-forslag-om-oppheving-av-vannscooterforskriften
2.0 Brev til kom

Dato

08.03.2017
07.02.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune viser til mottatt høyringsuttale om oppheving av vannscooterforskrifta.

Masfjorden kommune er kritisk til oppheving av forskrifta for bruk av særregulering av vasscooterforskrifta. I forslaget inneber det at kommunane skal lage ei lokal forskrift for bruk av vasscooter, dette kan medføre store forskjellar mellom kommunane om bruk av vasscooter. Avstandane mellom kommunane kan ofte vere små når det gjeld avstandar på sjø, så det kan vere uheldigt med forskjellig regelverk på korte avstandar.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Klima og miljødepartementet har sendt ut: *Høring av forslag om oppheving av vannscooterforskriften*. Høyringsfristen er 23. mars 2017. Høyringsuttalelsane er offentlege etter offentleglova, jf. også miljøinformasjonsloven, og blir publisert på nettsidene under høyringsuttalelser.

Høyring

Alle som ynskjer det kan uttala seg, men landets kommunar, aktuelle organinsasjonar med fleire får saka til høyring.

Uttale

Forum for natur og friluftsliv (FNF) har i denne sammenheng sendt brev til ordførarar, rådmenn, og ansvarlege for natur og friluftsliv. Hovudbodskapen her er *Ja til trivsel, nei til frislipp av vannscooter*.

Gjeldende regelverk

Inntil 2013 var det forbudt å bruke vannscooter i Norge. I dag er det tillatt så lenge man holder seg minst 400 meter fra land på sjøen, og 500 meter fra land i ferskvann. Det er lov å passere denne vannscooterfrie sonen for å komme til et område for lovlig kjøring, men da bare i veldig lav fart; maks 5 knop. Prinsippet er at vannscooterne ikke skal ødelegge natur, andres naturopplevelser, sikkerhet eller trivsel langs kysten.

Konsekvensene:

Mer vannscooterkjøring vil gå på bekostning av alle de som bruker kysten og innsjøene som rekreasjonsområde. Ved å fjerne dagens vannscooterfrie soner blir konsekvensene høyere fart nær land som genererer mer støy, flere konflikter og skape utrygghet i skjærgården og ved norske innsjøer. Økt trafikk spesielt nær land vil også gå hardt utover sårbare sjøfuglbestander. Frislipp av vannscootere er en korttenkt politikk som vil gagne få, og ødelegge for veldig mange.

Dei påpeikar 8 gode grunnar for ikkje å tillate meir vannscooterkjøring.

1. Fortrenger de myke trafikantene
2. Trussel mot dyre- og fuglelivet
3. Øker risikoen for ulykker
4. På tvers av faglige anbefalinger
5. Trenger håndheving av regelverket – ikke fjerning
6. Norskekysten er uoversiktlig
7. Går på bekostning av reiselivet i Norge
8. Regjeringen går imot egne argumenter

Fakta

Ei oppheving av forskrifta vil innebæra at det ikkje lenger finnst ei nasjonalt fastsatt særregulering for bruk av vannscootrar, men dei generelle reglane for bruk av fartøy vil fremleis gjelda for bruk av vannscooter. Forslaget innebær at kommunane får ansvaret for å regulere bruken av vannscootrar i sammenheng med regulering av andre fartøy slik at dei lokale interessene vert ivareteke. Havne- og farvannslova og motorferdsellova gjev kommunane moglegheit til å regulera bruken av vannscootrar og øvrige fartøy etter lokale vurderingar. I høringsnotatet får ein oversikt over slike bestemmelsar og kva moglegheiter kommunane har til å fastsettja lokale forskrifter, blant anna at:

- *Kommunene har hjemmel i **motorferdselloven** til å fastsette lokale forskrifter om bruk av vannscootere i vassdrag og innsjøer der det ikke allerede er forbudt i medhold av loven.*
- *Kommunene har i **den sentrale fartsforskriften** hjemmel til å gi lokale forskrifter med fartsgrenser. Slike forskrifter vil gjelde alle fartøy og kan ikke forskjellsbehandle vannscootere. Den sentrale fartsforskriften har også generelle krav om aktsomhet, sikkerhet og hensyn til badende.*
-

- *Kommunene har hjemmel i **havne- og farvannsloven** til å begrense bruk av alle fartøy, herunder fritidsfartøy, i deler av eller hele farvannet av hensyn til fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk, herunder av hensyn til friluftsliv og miljø.*

Vurdering

I Masfjorden er ikkje problemet med vannscooter særleg stort enno, men på dei 3 åra som har gått sidan forbodet vart oppheva ser ein at lokalt at her er ein auka bruk som ein ikkje ynskjer skal eskalera ytterlegare. Kommunen har 4 offentlege badestrender: Haugsvær, Areklettsanden, Sandnes og Merkesdalen. Desse områda ynskjer kommunen å særleg skjerma. Gjeldande sone for tillat ferdsel med vannscooter finn ein i Nordhordlandskartet under temakart friluftsliv. Her er avstanden til land 300m. Med 400m grense vil indrefjorden nesten ikkje ha lovleg areal igjen. Utfor Andvik ein liten trekant igjen og området Austfjorden-Fensfjorden blir nesten uendra. Vannscooter og fritidsbåtar kan likestillast må mange vis. I Gulen-Masfjorden området har me hatt dødsulukker dei seinare år med nettopp småbåtar. Ein auka bruk her medfører også ein auka risiko. Badestrender, dyre- og planteliv, sikkerhet og trivsel er viktig å ta vare på.

Naturmangfaldslova §§8 og 9 kjem også til anvending her. Det vil vera kommunen si plikt til å vurdere den samla belastninga lokalt, slik at det ikkje oppstår risiko for slik skade, jf. naturmangfoldlova § 10 (samlet belastning) og § 12 (miljøforsvarlig lokalisering).

Konklusjon

Masfjorden kommune ynskjer ei betre hantering og eit meir tilpassa regelverk generelt for all motorferdsel i utmark og på vatn/sjø. I denne omgang ser me på forslaget med oppheving av vannscooterforskrifta som me trur ikkje er til det beste for Masfjorden. Etter ei samla vurdering vil ein halda på 400m grensa og 5 knops maksfart på kortaste transportkjøring . Dei allmenne ferdselsreglar til sjøs, som gjeld for alle fartøy, inneheld tilstrekkeleg regler og fullmaktsbestemmelsar for å sikre ein fornuftig og trygg bruk av farvatna våre.

Formannskapet - 032/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune viser til mottatt høyringsuttale om oppheving av vannscooterforskrifta.

Masfjorden kommune er kritisk til oppheving av forskrifta for bruk av særregulering av vasscooterforskrifta. I forslaget inneber det at kommunane skal lage ei lokal forskrift for bruk av vasscooter, dette kan medføre store forskjellar mellom kommunane om bruk av vasscooter. Avstandane mellom kommunane kan ofte vere små når det gjeld avstandar på sjø, så det kan vere uheldig med forskjellig regelverk på korte avstandar.

Rett utskrift frå møtebok frå formannskapet den 22.03.2017 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Torill T. Størkersen
varaordfører